



Møteinnkalling

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Raude rommet i 3. etasje
Dato:	07.06.2022
Tid:	09:00

Svanhild A. Botnen (SP) har meld forfall til dette møte og Torgeir Magnar Børve (SP) skal møte i staden.

Dersom nokon andre av medlemmene må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidlig som mogleg ved å ringe til Roald Breistein tlf. 97 50 51 52 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Gjermund Stuve
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.05.2022	033	
	Politiske saker		
PS 16/22	Henvending frå Ottar Byrkjeland om dispensasjonssaker	217	
PS 17/22	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Forslag til prosjektplan	217	
PS 18/22	Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk - Status i arbeidet ved Deloitte	217	
PS 19/22	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage	217	
PS 20/22	Kurs i regi av Deloitte hausten 2022	085	
PS 21/22	Gjennomgang av møteprotokollar	033	
PS 22/22	Eventuelt	033	
PS 23/22	Henvending gjeldande tilstanden i skulemiljøet i Kvam herad Referat saker	217	
RS 12/22	Høyringsaver - Vegleiar handtering av henvendingar til kontrollutvalet	033	
RS 13/22	Nytt fra FKT	033	

GK 5/22 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2022/191-8
Saksbehandlar Roald Breistein
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	6/22	07.06.2022

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.05.2022

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet i Kvam herad 02.05.2022 ligg ved.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	02.05.2022
Tid:	09:00 - 10:30

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gjermund Stuve	Leder	SP
Anita Sørnes	Medlem	FRP
Håvard Gjerde	Medlem	R

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Michael Iversen	Nestleiar	AP
Svanhild A. Botnen	Medlem	SP

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Torgeir Magnar Børve	Michael Iversen	Sp
Ronny Samland	Svanhild A. Botnen	Frp

Andre som møte

Navn	Stilling
Frank Helland	Dagleg leiar Kvammabadet KF, sak PS 9/22
Anita Hesthamar	Rådmann
Ragnar Johnstad	Økonomisjef
Silje Fossdal	Regnskapsrevisor i Deloitte
Annbjörg Ryssdal	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fk

Gjermund Stuve
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.02.2022	033	
	Politiske saker		
PS 9/22	Årsrekneskap og årsmelding 2021 for Kvammabadet KF - Uttale frå kontrollutvalet	216	
PS 10/22	Årsrekneskap og årsmelding 2021 for Kvam herad - Uttale frå kontrollutvalet	216	
PS 11/22	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad	216	
PS 12/22	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024	217	
PS 13/22	Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk - Status i arbeidet ved Deloitte	217	
PS 14/22	Gjennomgang av møteprotokollar	033	
PS 15/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 7/22	FKT - Medlemsinfo mars 2022	073	
RS 8/22	Nyheter fra FKT	073	
RS 9/22	FKT - Høring Veileder Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget	073	
RS 10/22	Høyrings svar NKRF sin «Veileder for kontrollutvalgets påseansvar» og NKRF sitt pågåande arbeid med normering av sekretariatet sine oppgåver	033	
RS 11/22	SV: Skadestatistikk Kvam herad	217	

GK 3/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

E-post frå Håvard Gjerde (R) 28.04.2022 gjeldande m.a. bruk av tvangsmulkt i Kvam herad, og rådmannen sin kommentar på denne, vert handsama under eventuelt.

Det framkom elles ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 4/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.02.2022

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet i Kvam herad 21.02.2022 ligg ved.

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet i Kvam herad 21.02.2022 vart samrøystes vedteke.

PS 9/22 Årsrekneskap og årsmelding 2021 for Kvammabadet KF - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

- 1.Kontrollutvalet registrere at Kvammabadet KF hadde eit negativt driftsresultat på kr. 1 000 000 og eit meirforbruk på kr 1.000.000 i 2021.
- 2.Kontrollutvalet støttar seg på Deloitte AS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF i 2021 og har ikkje andre merknader til denne.
- 3.Uttalen vert å sende heradsstyret via formannskapet.

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Dagleg leiar, Frank Helland, presenterte kort årsrekneskap og årsmelding for Kvammabadet KF for 2021 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet registrere at Kvammabadet KF hadde eit negativt driftsresultat på kr. 1 000 000 og eit meirforbruk på kr 1.000.000 i 2021.
2. Kontrollutvalet støttar seg på Deloitte AS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF i 2021 og har ikkje andre merknader til denne.
3. Uttalen vert å sende heradsstyret via formannskapet.

PS 10/22 Årsrekneskap og årsmelding 2021 for Kvam herad - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap og årsmelding for 2021.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 14 for 2022 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 05.09.2022 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann, Anita Hesthamar, og økonomisjef, Ragnar Johnstad, presenterte årsrekneskap og årsmelding for Kvam herad for 2021 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rekneskapsrevisor i Deloitte, Silje Fossdal, var og til stades og kommenterte revisjonen dei har gjennomført.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap og årsmelding for 2021.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 14 for 2022 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 05.09.2022 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.

PS 11/22 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor, Unni Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Kvam herad, til etterretning.

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor, Unni Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Kvam herad, til etterretning.

PS 12/22 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vil i 2022 gjennomføre rullering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeide forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik rullering, i tråd med dei føringar utvalet gjev, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensningar og ressursbruk.
3. Prosjektplanen skal leverast sekretariatet innan 23.05.2022, slik at den kan behandlas i møte i kontrollutvalet 07.06.2022

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vil i 2022 gjennomføre rullering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024
2. Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeide forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik rullering, i tråd med dei føringar utvalet gjev, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensningar og ressursbruk.
3. Prosjektplanen skal leverast sekretariatet innan 23.05.2022, slik at den kan behandlas i møte i kontrollutvalet 07.06.2022

PS 13/22 Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Annbjørg Ryssdal, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon personalpolitikk og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

PS 14/22 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 15/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Håvard Gjerde (R) sende slik e-post til kontrollutvalet m/fleire 28.04.2022:

"Eventuelt-sak.

For ganske nøyaktig eitt år sidan meldte eg inn ei sak til kontrollutvalet med følgjande ordlyd:

«På eit prinsippielt nivå skulle eg gjerne ha prøvd Kvam herad sitt pålegg om flytting av båt og vedtak om dagbøter i samband med arkivsak 21/593. Problemstillingar: 1. kommunen si rolle i privatsrettslege saker. 2. bruken av verkemiddel som dagbøter.»

Dette gjelde båthamna i Tørvikbygd. Saka vart då ikkje handsama sidan den skulle i opp i retten. Nå har tingretten felt dom, og eg meiner kontrollutvalet bør sjå på heradet si handsaming av saka."

Som svar på denne sende rådmannen slik e-post same dag:

"Hei! Sidan eposten under er sendt breitt ut, ser eg behovet for å få avklara ei uheldig samanblanding med det same, i forkant av møtet.

Årsaka til at saka ikkje vart handsama, var IKKJE at den skulle opp i tingretten, og gjeld ikkje den omtala saka der det nyleg har kome ein dom. Årsaka var at det var ei klagesak som Kystverket skulle handsama. Kystverket brukte lang tid, men fatta eit vedtak 4.2.22, der klagen vart teke til følgje og kommunen sitt vedtak av 11. mars 2021 om fjerning av fartøy og vedtak om tvangsmulkt vart oppheva. Vedtaket kunne ikkje påklagast. Saka ligg på innsyn på følgjande lenkja:

<https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=1100013920&dokid=32412&versjon=1&variant=A&> "

I møte i kontrollutvalet i Kvam herad 28.04.2021 vart dette protokollert:

"Handsaming i møte

Det var meldt inn ei sak til eventuelt frå medlem Håvard Gjerde.

«På eit prinsippielt nivå skulle eg gjerne ha prøvd Kvam herad sitt pålegg om flytting av båt og vedtak om dagbøter i samband med arkivsak 21/593. Problemstillingar: 1. kommunen si rolle i privatsrettslege saker. 2. bruken av verkemiddel som dagbøter.»

Ordførar Torgeir Næss svara slik:

I denne saka har Kvam herad tilsynsmynde. Saka er sendt over til Kystverket for endeleg avgjerd og rådmannen vil orientere heradsstyret når denne avgjerdsla ligg føre.

Vedtak

Ingen vedtak gjort."

Kontrollutvalet vart samde om at henvendinga, og svaret frå rådmannen, vert teke med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå hausten 2022.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Henvendinga frå Håvard Gjerde, og svaret frå rådmannen, vert teke med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå hausten 2022.

RS 7/22 FKT - Medlemsinfo mars 2022

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 8/22 Nyheter fra FKT

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 9/22 FKT - Høring Veileder Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 10/22 Høyringsvar NKRF sin «Veileder for kontrollutvalgets påseansvar» og NKRF sitt pågåande arbeid med normering av sekretariatet sine oppgåver

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 11/22 SV: Skadestatistikk Kvam herad

Saksprotokoll 02.05.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet vart samde om at henvendinga om skadestatistikk i Kvam herad frå Halvard Lilletveit vert teke med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå hausten 2022.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Henvendinga om skadestatistikk i Kvam herad frå Halvard Lilletveit vert teke med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå hausten 2022.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/195-14
Saksbehandlar Roald Breistein
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	16/22	07.06.2022

Henvending frå Ottar Byrkjeland om dispensasjonssaker

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar henvendinga frå Ottar Byrkjeland til orientering.
2. Kontrollutvalet tar henvendinga om dispensasjonssaker i Kvam herad med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå hausten 2022.
3. Vedtaket en endeleg og kan ikkje påklagast.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å leggje fram til handsaming i kontrollutvalet ei henvending frå Ottar Byrkjeland om dispensasjonssaker i Kvam herad.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Henvending frå Ottar Byrkjeland
- 2 E-post om dispensasjonssaker
- 3 Sak i KU i 2015

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Leiar i kontrollutvalet mottok 29.04.2022 og 24.05.2022 henvending frå Ottar Byrkjeland når det gjeld dispensasjonssaker i Kvam herad, vedlegg 1 og 2.

Det låg også ved kopi av kontrollutvalet si handsaming av tilsvarande sak i møte 02.03.2015 (vedlegg 3) der rådmannen var inne og orienterte om rutineane for bruk av dispensasjonssaker i Kvam herad. På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

«Orienteringa vart teken til vitande.»

Sekretariatet sende i samråd med kontrollutvalsleiar slikt svar til Byrkjeland same dag:

«Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av kontrollutvalet i Kvam herad motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar).

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering i møte 07.06.2022.

Utan at vi har vurdert henvendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904> . Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil difor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Du vil etter behandlinga i kontrollutvalet verta orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Slik sekretariatet ser denne saka er den å rekna som ei enkeltsak og slike saker skal kontrollutvalet som hovudregel ikkje handsame. Kontrollutvalet skal sjå på system, rutinar og prosedyrar.

Likevel kan ei slik enkeltsak, saman med andre eventuelle tilsvarande enkeltsaker, vera ein indikasjon på at det kan vera utfordringar med rutineane når det gjeld dispensasjonssaker i Kvam herad. Kontrollutvalet bør difor vurdere om denne henvendinga skal takast med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå

hausten 2022. I den prosessen skal det gjennomførast ei vurdering av om risikobiletet er vorte endra på dei områda som ligg i noverande plan og om planen på bakgrunn av det må endrast. Her vil henvendinga om dispensasjonssaker bli vurdert opp mot andre innspel som er komne inn. Dei områda som vert vurdert med høgast risiko vert i tilfelle teke med i den justerte planen.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar henvendinga til orientering. Vidare vert det tilrådd at henvendinga om dispensasjonssaker vert teken med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå hausten 2022. Det vert også tilrådd å gjera merksam på at vedtaket en endeleg og kan ikkje påklagast.

Fra: Gjermund Stuve[gjermund@nlth.no]
Sendt: 29.04.2022 08:50:35
Til: Roald Breistein[Roald.Breistein@vlfk.no]
Tittel: VS: From_BrotherDevice

Kva seier du?

Fra: ottar byrkjeland <ottar.byrkjeland@kvamnet.no>
Sendt: 28. april 2022 17:08
Til: gjestu@kvam.kommune.no
Emne: Fwd: From_BrotherDevice

Hei.

Legg ved nokre dokument om ei kontroll-utval sak og brev eg sende deg dengong. Eg godtok ikkje dengong eller no den behandlinga eg fekk av kommunen og nektar betal både saksgebyr og ferdigattest.

Brev frå Ronny Andersen viser også at han var kjend med saka.

Eg hadde ein samtale med dykk i førekant av klagen eg sende deg på oppføring, og som enda i avgjera til kontrollutvalet. Kommunen godtok saksgebyret, men nektar for erstatningskravet og ferdoigattesten.

Ber deg no gå gjennom saka de hadde oppe, dei notatane som vart gjorde før brevet til kommunen gjekk ut for eg hugsar ordlyden svært sterk før den kom på trykk frå dykk.

Det er imponerende kor stor kvern kommunen brukar, men dei tok aldri opp dispsakene til ny vurdering slik eg ba om heller. Ber deg gå gjennom saka frå dengong og oppsumera innhaldet og konklusjonen

----- Forwarded message -----

Fra: <FromBrotherDevice@brother.com>
Date: tor. 28. apr. 2022 kl. 16:33
Subject: From_BrotherDevice
To: <ottar.byrkjeland@kvamnet.no>

Bilddata er lagt ved.

Denne e-post ble sent fra en adresse det kun kan sendes fra.

Ikke svar på denne e-posten.

--

Med Vennleg Helsing/ Best Regards.

Ottar Byrkjeland
Byrkjelandsveien 130
5600 Norheimsund
Norway.
tel +4790023046

Fra: [Gjermund Stuve](#)
Til: [Roald Breistein](#)
Emne: Ottar Byrkjeland
Dato: tirsdag 24. mai 2022 10:18:17
Vedlegg: [image001.png](#)

Fra: ottar byrkjeland <ottar.byrkjeland@kvamnet.no>

Sendt: 24. mai 2022 09:58

Til: gjestu@kvam.kommune.no

Emne: Fwd: From_BrotherDevice

Hei.

Ser at du har vidaresendt denne saka de/du behandla i si tid som også førte til at kommunen måtte be om unskyldning for urettferdig og feil behandling og resultat, men å stoppa midt i saka ,faktisk gløyma den er oppsiktsvekkjande. Ikkje svarte kommunen då eller no på punktet erstatning for unødvendige utgifter, pålegg og arbeid eg hadde, ikkje vart det teke tak i mogelege tilsvarande behandlingar som har påført og enno sikkert påfører mange folk og saker urett. Dei same folka som gjorde den feilen dengong, arbeidar fortsatt med same problemstillingar utan å ha lært noko.

Det var berre rådmannen og Bjørn Vik som var på "teppet", så læringsprosessen stoppa vel der. At kommunen viste ei liste over dispsaker, var inga bevis på kor rettferdige sakene var behandla, berre at dei fantes, noko som i seg sjølv er bevis på at dei treng kritisk ettersyn når ein ser kor lett det kan gjerast enkle feil med stor konsekvens for andre. Og kor mange er istand til å klaga? Dei svart ret og slett ikkje på spørsmålet.

Det eg ba om og fortsatt ber om ,er at de finn fram kladdane for avgjera, for som eg sa, det var tyngre ord i tlf samtalen eg hadde med dykk enn papirversjonen. Les mailen eg sende deg/kontrollutvalet 28.11.2014. Ronny Vik har aldri før eller seinare sent med feredigattest-skjema i eit godkjenningsskjema ,eg har sett, for han visste at eg ikkje skulle betala gebyr i denne saka, mail frå han 1.10.2014, kl11.47

No har de sendt klaga mi til Vestland Fylke der dei fortel meg at det ikkje er klagerett på deira vedtak. Dei har nett svart kommunen på sjølve saka og avvist den , heller ikkje der kom min klage fram.

Mitt problem er ikkje fylket, men at kommunen min ikkje svarer totalt, berre på det som passsar dei.

Ver vennleg sjå på saka de behandla den gong for det er fælt å slåss og tapa på slike grunnlag. Du finn meg på 90023046 og nødvendig.

----- Forwarded message -----

Fra: **Roald Breistein** <Roald.Breistein@vlfk.no>

Date: fre. 29. apr. 2022 kl. 11:28

Subject: VS: From_BrotherDevice

To: ottar.byrkjeland@kvamnet.no <ottar.byrkjeland@kvamnet.no>

Cc: gjermund@nlth.no <gjermund@nlth.no>

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av kontrollutvalet i Kvam herad motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar).

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering i møte 07.06.2022.

Utan at vi har vurdert henvendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904>. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil difor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Du vil etter behandlinga i kontrollutvalet verta orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.

Med helsing

Roald Breistein

seniorrådgjevar

sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 97 50 51 52

www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: ottar byrkjeland <ottar.byrkjeland@kvamnet.no>

Sendt: 28. april 2022 17:08

Til: gjestu@kvam.kommune.no

Emne: Fwd: From_BrotherDevice

Hei.

Legg ved nokre dokument om ei kontroll-utval sak og brev eg sende deg dengong. Eg godtok ikkje dengong eller no den behandlinga eg fekk av kommunen og nektar betal både

saksgebyr og ferdigattest.

Brev frå Ronny Andersen viser også at han var kjend med saka.

Eg hadde ein samtale med dykk i førekant av klagen eg sende deg på oppfordring, og som enda i avgjera til kontrollutvalet. Kommunen godtok saksgebyret, men nektar for erstatningskravet og ferdoigattesten.

Ber deg no gå gjennom saka de hadde oppe, dei notatane som vart gjorde før brevet til kommunen gjekk ut for eg hugsar ordlyden svært sterk før den kom på trykk frå dykk.

Det er imponerende kor stor kvern kommunen brukar, men dei tok aldri opp dispsakene til ny vurdering slik eg ba om heller. Ber deg gå gjennom saka frå dengong og oppsumera innhaldet og konklusjonen

----- Forwarded message -----

Fra: <FromBrotherDevice@brother.com>

Date: tor. 28. apr. 2022 kl. 16:33

Subject: From_BrotherDevice

To: <ottar.byrkjeland@kvamnet.no>

Bilddata er lagt ved.

Denne e-post ble sent fra en adresse det kun kan sendes fra.
Ikke svar på denne e-posten.

--

Med Vennleg Helsing/ Best Regards.

Ottar Byrkjeland
Byrkjelsveien 130
5600 Norheimsund
Norway.
tel +4790023046

--

Med Vennleg Helsing/ Best Regards.

Hordaland Service as
Ottar Byrkjeland
Byrkjelsveien 130
5600 Norheimsund
Norway.
tel +4790023046
shop.hordalandservice.no

Gjermund Stuve

Fra: ottar byrkjeland <ottar.byrkjeland@kvamnet.no>
Sendt: 28. november 2014 10:39
Til: Gjermund Stuve
Emne: dispensasjonssaker,kommunal kultur

Kontrollutvalet i Kvam.

Har gjennom mange år arbeidd med byggjesaker både som tomteutviklar og husbyggjar. Stadig ,både av egne erfaringar og i samtaler/utvekslingar med andre også erfart at det er lettast for kommunen å forlange dispensasjoner for eigen ryggdekning.

Dette medfører ofte stort tidsforbruk og nye unødvendige krav, saker ender tilslutt hjå Fylkesmannen, store ekstrakostnader pålagt sækjarane og i tillegg ny avgift til kommunen.

Har nettl sjølv ei slik sak som har pågått i 5,5 år før kommunen ba om unskydning, der eg ikkje ville gje meg ,visste eg hadde rett.

Kor mange slik saker har vi halt og vil få om ikkje det kjem fokus og endra rutiner som sikrer folk flest rettferdig behandling , trygg avgjer, vi kan stole på og er til beste for folk flest.

Få har kunnskap eller nevrer til ein kamp,så derfor vinn "alltid" kommunen.

Ber kontrollutvalet få opp alle dispensasjonssaker over tid og sjekka tendensar/resultat og få fokus på dette.

Også der kommunen har gjort feil ,må erstatning/refusjon av gebyr etc.skje.

Trur det er mange tvilsame saker å gripa tak i.

Beste helsing

Ottar Byrkjeland



ottar byrkjeland <ottar.byrkjeland@gmail.com>

Vedtak DRAD 416/14 - Søknad om tiltak på gnr 7 bnr 206, Vikøy. Lagerskur på sagbruk

1 e-post

1. oktober 2014 kl. 11:47

postmottak@kvam.kommune.no <postmottak@kvam.kommune.no>
Til: ottar.byrkjeland@kvamnet.no

Heil

Vedlagt oversendes vedtak DRAD 416/14 og godkjende teikningar for tiltak på gnr 7 bnr 206, Lagerskur på sagbruk.

Sender også med skjema for søknad om ferdigattest, som sendes Kvam herad når tiltaket er ferdig.

NB! Dette sendes kun som epost.


Lykke til.

MVH

Ronny Andersen

—
This email has been checked for viruses by AVG.
<http://www.avg.com>

5 vedlegg

 hoveddokument591433.pdf
340K

 Godkjende teikningar gnr 7 bnr 206.pdf
1359K

 Ferdigattest.pdf
74K

 460219_1_P.doc
1092K

 Certification_.txt
1K

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2014/136-7
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	3/15	02.03.2015

Orientering frå rådmann, Kvam herad sin praksis i bruk av dispensasjon i byggesaker.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet handsama henvending under punktet eventuelt i sitt møte 01.12.2014 og dette vart protokollert:

«Kontrollutvalet har motteke henvending frå Ottar Byrkjeland på epost og telefon gjeldande Kvam herad sin praksis i bruk av dispensasjon i byggesaker.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

- 1. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til neste møte for å orientere om bruk av dispensasjon i byggesaker i Kvam herad.*
- 2. Kontrollutvalet ønskjer at rådmannen og kjem med ei skriftleg orientering til utvalet i forkant av møtet.»*

Sekretariatet tok kontakt med rådmann og sendte over naudsynt informasjon og invitasjon til å kome til kontrollutvalet i første møte i 2015

Rådmann har i epost til sekretariatet 18.02.2015 stadfesta at han kjem til utvalet 02.03.2015 kl. 10.15
Skriftleg orientering frå rådmannen, dagsett 19.02.15 ligg som vedlegg.

Forslag til vedtak

Orienteringa vart teken til vitande.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Kvam herad - 02.03.2015

Handsaming i møtet:

Notat gjeldande saka vart sendt ut på førehand til kontrollutvalet.

Leiar byggesak og geodata Bjørn Vik og rådmann Arild M. Steine orienterte og var mellom anna innom slike punkt:

- Bjørn Vik informerte om dispensasjonssaker og praksis i Kvam herad og delte ut ytterlegare informasjon til utvalet.
- Søknad om dispensasjon skal sendast til fylkesmannen. Krav om full saksutgreiing. Mange søknader om dispensasjon kjem i høve plan og bygging i strandsone.
- Kvam herad har lagt ut mykje informasjon på heimesida og brukar denne aktivt. Svarar og på henvendingar frå innbyggjarar på epost.
- Omlag 50 dispensasjonssaker i året, der vel 20 vert handsama på delegasjon. (Vert ikkje handsama politisk)
- Stort sett greier heradet å sakshandsame saker innan fem månader. Kvam herad har interesse av å halde talet på dispensasjonssaker lågt, då desse genererer mykje ekstra arbeid.
- Til enkeltsaka: Kvam herad gjorde ein feilvurdering januar 2013, dette medførte mykje tidsbruk fram til andeleg vedtak september 2014. Dette har heradet bedt om orsak for og ikkje kravd-gebyr. Frå 2009 – 2013 ligg saka i ro hjå søker.

Kontrollutvalet var godt nøgd med orienteringa frå heradet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Orienteringa vart teken til vitande.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Notat frå rådmann, Kvam herad sin praksis i bruk av dispensasjon i byggesaker.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/241-6
Saksbehandlar Roald Breistein
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	17/22	07.06.2022

Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller rullering av vedteken plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 i Kvam herad frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 20.06.2022.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det er ei målsetting at prosessmøte med kontrollutvalet vert lagt til møte 14.11.2022.
5. Kontrollutvalet ønskjer at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, er klar frå Deloitte si side til handsaming i første møte i kontrollutvalet i 2023.
6. Notat og oppdatert plan for forvaltningsrevisjon vert å sende sekretariatet innan 31.01.2023.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til forslag om prosjektplan for rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift

Vedlegg

- 1 Kvam herad - rullering av plan for fvr. - prosjektplan.PDF

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver vedrørende forvaltningsrevisjon finn vi i kommunelova §§ 23-2, c og 23.3. I § 23-2,c er kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at forvaltningsrevisjon vert gjennomført skildra. Vidare handlar § 23-3 om kva forvaltningsrevisjon er og deretter plan for Forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 4 og 5 går det fram rapportering og oppfølging av gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Plan for forvaltningsrevisjon skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av heradet si verksemd og verksemda i heradet sine selskap, med sikte på å identifisere område i heradet med størst behov for forvaltningsrevisjon.

Kvam heradsstyre gjorde slikt vedtak i sak 85/2020 «Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024» i møte 16.06.2020:

1. *Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen erstattar plan forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
4. *Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.*
5. *Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til heradsstyret etter kvart.*

På bakgrunn av punkt 5 i vedtaket over gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i sak PS 12/22 i møte 02.05.2022:

1. *Kontrollutvalet vil i 2022 gjennomføre rullering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.*
2. *Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeide forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik rullering, i tråd med dei føringar utvalet gjev, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensningar og ressursbruk.*
3. *Prosjektplanen skal leverast sekretariatet innan 23.05.2022, slik at den kan behandlas i møte i kontrollutvalet 07.06.2022*

Kontrollutvalet har også fått fullmakt til å rullere plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 ved at heradsstyret gjorde slikt vedtak i sak 084/20 i møte 16.06.2020:

1. *Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen erstattar plan selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
4. *Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.*
5. *Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av eigarskapskontrollar til heradsstyret.*

Dette er ein monaleg enklare plan og sekretariatet legg opp til at rullering av denne kan handsamast direkte i eit møte i kontrollutvalet i løpet av hausten 2022.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har i tråd med kommunelova § 23 vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre prosess med å utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og heradsstyret skal gjera vedtak i saka.

I tråd med punkt 4 i vedtaket over går det fram at planen skal reviderast ein gong i valperioden, og at kontrollutvalet har fått mynde til å gjennomføra denne evalueringa.

Vurderingar og verknader

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 i Kvam herad. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Det går m.a. fram dette av prosjektplanen punkt 2:

«Rullering av plan for forvaltningsrevisjon vil ta utgangspunkt i ROV-vurderinga som blei gjennomført i 2020. Revisjonen vil i samband med rulleringa undersøke om det er vesentlege endringar i risikobiletet som fører til at prosjekt bør omprioriterast eller om nye prosjekt bør kome til i planen.»

Vidare går det m.a. fram dette av prosjektplanen punkt 3:

«Revisjonen vil utarbeide eit notat som vil bli lagt til grunn for rullering av plan for forvaltningsrevisjon. Notatet vil gje kontrollutvalet grunnlag for å diskutere rekkjefølgje eller føye til nye forvaltningsrevisjonsprosjekt.»

«I tillegg til notatet vil det bli utarbeidd ein oppdatert plan for forvaltningsrevisjon for heradet.»


I denne rulleringa vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, Kostra-tal og prosessmøte med kontrollutvalet. Revisjonen ønskjer å gjennomføre intervju med ordførar, rådmann, HR-sjef og dei seks kommunalsjefane. I tillegg vil dei vurdere behovet for kortare intervju med eit mindre utval leiarar på lågare nivå i gjennomføring av prosjektet.

Når det gjeld prosessmøte med kontrollutvalet meiner sekretariatet det vil vera føremålstenleg at det vert lagt til møte i utvalet 14.11.2022.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

Konklusjon

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og dekkande for korleis dette arbeidet kan gjerast på ein god måte. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend slik det ligg føre. Vidare vert det tilrådd at prosessmøte med kontrollutvalet vert lagt til 14.11.2022.



Kvam herad

Rullering av plan for forvaltningsrevisjon

Prosjektplan

Mai 2022

«Rullering av plan for
forvaltningsrevisjon - prosjektplan»

Mai 2022

Prosjektplanen er utarbeidd for Kvam
herad av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Bakgrunn	2
2	Om rulleringa	2
3	Notat og revidert plan	3
4	Tid og ressursbruk	3

1 Bakgrunn

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 2. mai 2022, sak PS 12/22 utarbeidd ein prosjektplan for rullering av plan for forvaltningsrevisjon i Kvam herad.

1.2 Innleiing og føremål

Som eit grunnlag for arbeidet med revisjon og kontroll i Kvam herad har kontrollutvalet utarbeidd og heradsstyret vedtatt ein plan for forvaltningsrevisjon i 2020.


Planen er basert på ei overordna risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av den kommunale verksemda og tenesteytinga gjennomført i 2020. Gjennom ROV-vurderinga blei det henta inn relevant informasjon om verksemda til heradet. Målet var å identifisere risiko i den kommunale verksemda.



Risiko i denne samanhengen er *sannsynet for og konsekvensane av* at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, politiske vedtak og andre føringar som er sett for verksemda.

Identifiserte risikoar for avvik og sårbare område i den kommunale forvaltninga og tenesteytinga indikerte kva område det kunne vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjonar.

Kontrollutvalet har no bestilt ei rullering av plan for forvaltningsrevisjon. Føremålet med rulleringa er å sikre at forvaltningsrevisjonar som blir gjennomført vidare i perioden speglar dei mest vesentlege risikoområda i heradet.



2 Om rulleringa

Rullering av plan for forvaltningsrevisjon vil ta utgangspunkt i ROV-vurderinga som blei gjennomført i 2020. Revisjonen vil i samband med rulleringa undersøke om det er vesentlege endringar i risikobiletet som fører til at prosjekt bør omprioriterast eller om nye prosjekt bør kome til i planen.

2.1 Dokumentanalyse

Revisjonen vil gjennomgå siste årsmelding frå heradet samt andre sentrale dokument som vil kunne gje eit oversyn over eventuelle endringar i heradet sitt risikobiletet.

2.2 Intervju

Revisjonen vil gjennomføre intervju med ordførar, rådmann, HR-sjef og dei seks kommunalsjefane.

I tillegg vil vi vurdere behovet for kortare intervju med eit mindre utval leiarar på lågare nivå i gjennomføring av prosjektet.

Intervjua vil mellom anna byggje på dei opplysningane som er komne fram gjennom dokumentasjonsanalysen.

2.3 KOSTRA-tal

Revisjonen vil gjennomføre ein kort gjennomgang av KOSTRA-tal for utvalde kommunale tenesteområde, for å undersøke om det er vesentlege endringar i oppdaterte tal.

2.4 Prosessmøte med kontrollutvalet

Revisjonen vil gjennomføre eit prosessmøte med kontrollutvalet. Føremålet med prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege rullering av plan for forvaltningsrevisjon. Notatet som er utarbeidd på bakgrunn av revisjonen sine undersøkingar vil bli lagt fram for kontrollutvalet og utgjere grunnlag for diskusjonen i møtet.

3 Notat og revidert plan

Revisjonen vil utarbeide eit notat som vil bli lagt til grunn for rullering av plan for forvaltningsrevisjon. Notatet vil gje kontrollutvalet grunnlag for å diskutere rekkjefølgje eller føye til nye forvaltningsrevisjonsprosjekt. I notatet vil vi legge vekt på følgjande spørsmål:

- Er det endringar i risikobiletet som blei presentert i analysen i 2020?
- Kva prosjekt kan vere særleg viktig (og nyttig) å fokusere på?

I tillegg til notatet vil det bli utarbeidd ein oppdatert plan for forvaltningsrevisjon for heradet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. Senior consultant Annbjørg Ryssdal vil vere prosjektleiar. Andre ressursar vil bli kopla på ved behov.

4.2 Tidsbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 50 timar å gjennomføre prosjektet.

Oppstart av prosjektet vil skje så snart revisjonen mottar bestilling frå kontrollutvalet. Prosessmøte med kontrollutvalet vil bli gjennomført etter nærare avtale. Kontrollutvalet vil få oversendt reviderte planar etter gjennomført prosessmøte.

Tentativt foreslår vi oppstart av arbeidet på forsommaren 2022, med levering av oppdaterte planar til handsaming i kontrollutvalet sitt siste møte i 2022.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Kvam herad og Deloitte.

Bergen, 24. mai 2022



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2022 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2022/182-11
Saksbehandlar Roald Breistein
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	18/22	07.06.2022

Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal orientere kontrollutvalet om kor langt dei er komen i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen, om alt går etter planen og om det kan vera aktuelt å justere bestillinga.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet behandla sak PS 28/21 Bestilling av forvaltningsrevisjon i møte 22.11.2021 og det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsettingsprosedyrar og vikarbruk.*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 01.02.22.»*

Forslag til prosjektplan vart behandla som sak PS 4/22 i møte 21.02.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 07.03.2022.*
3. *Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne revidert prosjektplan.*
4. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.*
5. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Kvam heradsstyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.*
6. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 12.12.2022, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

I tråd med 2 i vedtaket vart korrigerert prosjektplan motteke innan fristen. Leiar i kontrollutvalet, i samråd med sekretariatet, godkjende prosjektplanen i e-post til Deloitte 11.03.2022.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje i kva grad Kvam herad har tilfredsstillande system, rutinar og praksis knytt til tilsettingsprosedyrar og vikarbruk i oppvekstsektoren (grunnskulane).

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. *I kva grad har Kvam herad etablert tilfredsstillande system og rutinar for tilsetjingsprosessar i oppvekst (grunnskulane)? Under dette:*
 - a) *I kva grad er det etablert skriftlege rutinar som omtalar korleis sentrale krav til tilsettingar skal sikrast, under dette mellom anna*
 - i. *rutinar for å sikre utlysing av ledige stillingar (både faste stillingar og vikariat)?*
 - ii. *system og rutinar for å halde oversikt over interne kandidatar med fortrinnsrett og å sikre at desse blir vurdert ved ledige stillingar?*
 - iii. *system og rutinar for å halde oversikt over personar i mellombelse stillingar med omsyn til å kunne etterleve tre- og fireårsregelen?*
 - iv. *rutinar for å vurdere habilitet i tilsetjingssaker?*

- v. rutinar for å fastsetje skriftlege kompetansekrav?
 - vi. rutinar for å sikre at tilsetjingsprosessar blir dokumentert/evaluert?
- b) Kva internkontroll har heradet sentralt med at system og rutinar for tilsetjingsprosessar blir følgt ved grunnskulane?
2. I kva grad er det dokumentert at sentrale krav til tilsetjingsprosessar blir følgt? Under dette kan det vere aktuelt å vurdere i kva grad det er dokumentert at stillingane er utlyst, gjennomført intervju og referanseintervju, om kvalifikasjonsprinsippet er følgt ved tilsetjing, om det er dokumentert at det er gjort vurderingar av om det finst interne kandidatar med fortrinnsrett eller som har rett til fast stillingsvern etter tre- og fireårsregelen, samt om habilitet er blitt vurdert og dokumentert.
3. Kva rutinar har Kvam herad for bruk av vikar og deltidstillingar i skule? Under dette:
- a) Kva rutinar har kommunen for bruk av tilkallingsvikarar?
 - b) I kva grad er det etablert retningslinjer og tiltak for å auke delen heiltidstillingar?
 - c) I kva grad blir vikarbruk drøfta med dei tillitsvalde?
4. I kva grad opplever tilsette ved grunnskulane at det er:
- a) Eit godt psykososialt arbeidsmiljø og eit godt ytringsklima?
 - b) Ryddige tilsetjingsprosessar ved eigen arbeidsplass?

Deloitte har definert slik avgrensing i prosjektet

«Undersøkinga er avgrensa til kommunale grunnskular i Kvam herad. Under problemstilling 4 vil vi kartlegge korleis tilsette i grunnskulane opplever arbeidsmiljøet og ytringsklimaet generelt. Det er ikkje inkludert problemstillingar knytt til korleis Kvam herad handterer varsel om kritikkverdige forhold etter arbeidsmiljølova i dette prosjektet.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er heradsstyret som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

Vurderingar og verknader

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking til tilsette, stikkprøvegjennomgang av eit utval tilsetjingssaker og verifisering og høyring som metode.

Revisjonen ønskjer å gjennomføre 7 - 8 intervju m.a. med rektorane ved grunnskulane i heradet og leiing sentralt i kommunen som har eit overordna (system) ansvar knytt til tilsetjingar og vikarbruk.

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet. Deloitte vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser forhold (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/255-2
Saksbehandlar Roald Breistein
:

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	19/22	07.06.2022

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad til orientering.
2. kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2023
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat innan 01.02.2023.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si andre oppfølging av vedtak gjort i heradsstyret 20.10.2021 av forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Status oppfølging av forvaltningsrevisjon barnehage.pdf
- 2 Oppdatering av Handlingsplan til kontrollutvalet - oppfølging etter revisjon barnehage 2021 (1).pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Heradsstyret i Kvam herad handsama forvaltningsrevisjonsrapporten kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i møte 20.10.2021, sak 086/21 og gjorde slikt vedtak samrøystes:

Heradsstyret ber rådmannen om å:

1. *Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.*
2. *Tydeleggjere rollar og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.*
3. *Sikre at dei etablerte rutinane og malane for arbeidet med å gjennomføre 10-faktorundersøkinga og følgje opp påpeikte betringsområde er tilstrekkeleg kjende for styrarane i barnehagane, og at arbeidet blir gjennomført.*
4. *Jamleg evaluere om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekkja med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.*
5. *Når det gjeld arbeid med sjukefråvær i barnehagane:*
 - a) *Etablerer konkrete mål for sjukefråvær.*
 - b) *Sikrar systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.*
 - c) *Etablerer planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråvær.*
 - d) *Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og redusering av sjukefråvær lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.*
6. *Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet.*
7. *Sikre at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.*
8. *Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehagetilbodet.*
9. *Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette:*
 - a) *Gjennomfører risikoanalyse*
 - b) *Utarbeider ein plan for tilsyn*
 - c) *Gjennomfører tilsyn*
10. *Etablere rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.*
11. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 12.11.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Handlingsplan i tråd med punkt 11 over vart handsama i møte i kontrollutvalet 22.11.2021 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet seier seg nøgd med at fleire av punkta i forbetningsarbeidet er starta opp etter forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage.*
2. *Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sumaren 2022*
3. *Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat 3 veker før møtedato.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp heradsstyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over er tilbakemelding, dagsett 03.05.2022 motteke i sekretariatet. Tilbakemeldinga m/vedlegg ligg ved.

Av tilbakemeldinga er det verdt å merka seg at rådmannen skriv m.a. dette:

«Eining barnehage har jobba med oppfølging av punkta i handlingsplanen. Nokre punkt er jobba meir med enn andre, nokre punkt er omfattande og langsiktige og nokre punkt må vidareførast.»

I samband med oppfølging av sjukefråvær er eining barnehage deltakar i eit arbeidsmiljønettverk i regi av KLP. Det er eit to årig prosjekt som består av ei prosjektgruppa med representantar frå barnehage og HR. Prosjektgruppa får kr. 200.000 i støtte av KLP til gjennomføring. Hovudmålet er å få barnehagetilsette til å bli værande i barnehageyrket til pensjonsalder og redusera sjukefråværet i barnehage.»

Sekretariatet har merka seg at det er gjort noko meir forbetningsarbeid etter forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad sidan førre rapportering. Vidare har vi merka oss at noko av forbetningsarbeidet er planlagt ferdig i løpet av 2022 medan ein del også er planlagt ferdig i 2023.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om å få ny status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2023.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2023, med frist for levering til sekretariatet 01.02.2023.



AN

Kvam Kontrollutval v/Roald Breistein

Vår ref.

21/13127-2/N-103.3, HistNR-20/1549/INGUMO

Dykkar ref.

Dato:

03.05.2022

Status oppfølging av forvaltningsrevisjon barnehage

Rådmannen viser til kontrollutvalet sitt vedtak i sak PS 26/21 «Oppfølging forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage». Kontrollutvalet bed om tilbakemelding på status for oppfølging. Vedlagt ligg oppdatert handlingsplan.

Eining barnehage har jobba med oppfølging av punkta i handlingsplanen. Nokre punkt er jobba meir med enn andre, nokre punkt er omfattande og langsiktige og nokre punkt må vidareførast.

I samband med oppfølging av sjukefråvær er eining barnehage deltakar i eit arbeidsmiljønettverk i regi av KLP. Det er eit to årig prosjekt som består av ei prosjektgruppa med representantar frå barnehage og HR. Prosjektgruppa får kr. 200.000 i støtte av KLP til gjennomføring. Hovudmålet er å få barnehagetilsette til å bli værande i barnehageyrket til pensjonsalder og redusera sjukefråværet i barnehage.

Helsing

Ingunn Mo

Leiar for barnehage

56 55 30 78

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Kvam Kontrollutval

v/Roald Breistein

Vedlegg

Tittel

Vedlegg	Tittel
10.05.2022	Oppdatering av Handlingsplan til kontrollutvalet - oppfølging etter revisjon barnehage 2021 (1)

Handlingsplan - oppfølging av forvaltningsrevisjon barnehage 2021.

	Område	Tiltak	Merknad	Ansvar	Frist	Oppdatering
1.	Arbeid med årsplanar Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.	Felles mal for årsplan i kommunale barnehagar.	Leiar for barnehage og styrarane byrjar arbeid med felles mal for årsplan på fagmøte 01.12.21. Oppretta ei prosjektgruppa som lagar eit utkast som vert sendt ut på høyring til alle styrarane. Ta felles årsplan i bruk august 2022.	Leiar for bhg. Leiar for bhg. Styrrar	Vår 2022 Januar 2022 Haust 2022	Arbeid med felles årsplan er under arbeid. Det er utarbeida eit utkast som alle styrarane jobbar med for å sikre eigarskap til årsplanen. Utkastet skal ut til personalet og opp i SU for å sikre involvering. Målsetjinga er å ta i bruk felles årsplan august 2022.
		Felles system for oppfølging og evaluering av årsplanar gjennom årshjul og oppgåver i 1310.	Leiar for barnehage legg oppfølging og evaluering av årsplan inn i 1310. Styrrar syt for at årsplanen vert brukt i møter og ved planlegging. Styrrar følg opp og dokumenterer i 1310.	Leiar for bhg. Styrrar	01.12.21 31.12.22	Oppgåver er lagt inn i 1310. Styrrar er aktivt med å laga ny årsplan og skal involvere foreldre og tilsette i vidare arbeid før implementering.
2.	Arbeidsmiljø Tydeleggjer roller og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.	Ansvarsfordeling styrar, pedagogisk leiar og barnehageeigar. Rolle- og ansvarsavklaring styrar, tillitsvalt og verneombod.	Leiar for barnehage lagar ein plan for arbeid med arbeidsmiljø i dei kommunale barnehagane. Samarbeid med tillitsvalte, HR og verneombod.	Leiar for bhg og styrar	Haust 2021	Det vart arrangert felles opplæring for tillitsvalte, leiar og verneombod i alle barnehagane. Det resulterte i felles fokus, felles ansvar og meir partssamarbeid.

					<p>Dette arbeidet må jobbast med overtid.</p> <p>Gjennomført</p>
	<p>Opplæring «<i>Roller i arbeidsmiljøarbeid</i>».</p> <p>Arrangør: NAV arbeidslivssenter Deltakere: Styrar, verneombod og tillitsvald, HVO og HTV.</p>	<p>Felles forståing for roller og ansvar.</p>	<p>NAV arbeidslivssenter</p>	<p>03.11.21</p>	<p>Gjennomført</p>
	<p>Opplæring «<i>Konfliktførebygging og konflikthandtering på arbeidsplassen</i>».</p> <p>Arrangør: NAV arbeidslivssenter Deltakere: Styrar, verneombod og tillitsvald, HVO og HTV.</p>	<p>Bransjetreff med NAV arbeidslivssenter (digitalt).</p>	<p>NAV arbeidslivssenter</p>	<p>24.11.21</p>	<p>Gjennomført</p>
	<p>HMS årsplan.</p>	<p>Plan over tiltak som skal gjennomførast i løpet av året.</p>	<p>Leiar for bhg.</p>	<p>01.12.21</p>	<p>Gjennomført</p> <p>HMS årsplanen må jobbast med overtid.</p>
	<p>Deltaking 10-faktor. Auka svarprosenten – mål 100% Få oversikt over kven undersøkinga vert sendt ut til i sin barnehage. Avklara på førehand kven den næraste leiaren dei tilsette skal svara til.</p> <p>Motivera til deltaking. Legga til rette med tid og utstyr.</p> <p>Etterarbeid og oppfølging.</p>	<p>Gjennomføring av 10 faktor i oktober/november. Styrar hentar inn oversikt over kven som skal svara i sin barnehage.</p> <p>Styrar motiverer og legg til rette for deltaking. Leiar for bhg. motiverer styrarane.</p>	<p>Leiar for bhg. og styrar</p> <p>Leiar for bhg., styrar og HR avd.</p> <p>Leiar for bhg.</p>	<p>Haust 2021</p> <p>Haust 2021</p> <p>2021-2022</p>	<p>Svarprosent på 84,6%.</p> <p>Vanskeleg å få dei som er sjukemeldte til å svara. Det vart tilrettelagt og satt av tid for personale.</p> <p>10 faktor undersøkinga er gjennomgått, det er valt ut faktorar og laga handlingsplan i styrargruppa og i den enkelte barnehage.</p>

		<p>Gjennomgang av malar, rutinar og verktøy for gjennomføring og oppfølging av 10 faktor. Systematisk arbeid med forbetningspunkt etter 10-faktor. Inn i årshjul.</p>	<p>Arbeid med 10 faktor på styrarmøte 29.09.21 og 24.11.21. Kontinuerleg arbeid med valde faktorar.</p> <p>Vel to faktorar ein er nøgd med og to faktorar ein ynskjer å bli betre på. Kontinuerleg arbeid med valde faktorar.</p>	Styrrar	2021-2022	
		<p>Fysisk arbeidsmiljø og slitasjeskader. Gjennomføra planlagde tiltak i HMS årsplan. Opplæring av bruk av hjelpemiddel på arbeidsplassen.</p>	<p>Kartleggja behovet. Involvere Bedriftshelse1, HVO og NAV arbeidslivssenter ved behov.</p>	Styrrar	Vår 2022	Er under arbeid. Det skal gjennomførast ei kartlegging i samband med nytt prosjekt i regi av KLP i perioden 2022-2024.
3.	<p>Bemanning Jamleg evaluera om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekket med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.</p>	<p>1) Tema/eigen vurdering på avdelingsmøte 2 gonger pr. halvår Tema/eigen vurdering på pedagogisk leiarmøte 2 gonger pr. halvår. Blir barnehagen drive i samsvar med krava i rammeplan/krav til innhald i barnehagen?</p> <p>2) 1g. pr halvår: Styrrar gjer ei eigen vurdering av om barnehagen blir driven i samsvar med rammeplan og krav til</p>	<p>Gå gjennom organisering av avdeling. Sjå på fordeling av personale og sjå på bruk av bemanning mtp «heile huset». Gjennomføra risikoanalyse. Jamleg gjennomgang på møter gjennom året.</p>	<p>Ped.leiar Styrrar</p> <p>Styrrar</p>	31.12.22	<p>Styrrar risikovurderer og tar ei vurdering iht nok personale på arbeid kvar dag. Punkt 1, 2, 3 og 4 har ikkje vorte arbeida med systematisk, det må jobbast vidare med.</p>

		<p>innhald i barnehagen gjennom heile barnehagedagen.</p> <p>3) 1 gong i halvåret - tema på styrarmøte Kva kriterie må vera oppfylt for at barnehagen driv ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd i tråd med rammeplan og lovverk.</p> <p>4) Vurdera tilsyn på dette området på bakgrunn av risikovurdering</p>		<p>Leiar for barnehage</p> <p>Mynde</p>		
4.	Sjukefråvær a) Etablere konkrete mål for sjukefråvær.	<p>Mål sjukefråvær tilpassa barnehage.</p> <p>Felles mål for eining barnehage er 8%.</p>	<p>Tilsette få betre kjennskap til kva som ligg i omgrepet «arbeidsrelatert fråvær».</p> <p>Leiar, tillitsvalte og verneombod på arbeidsplassen arbeida saman for å sikre eit godt arbeidsmiljø og redusera sjukefråvær.</p>	<p>Leiar for bhg, styrar, tillitsvalt og verneombod</p>	<p>2022-2023</p>	<p>Det har vore høgt fråvær blant personale i vinter. Mål på 8% sjukefråvær er ikkje nådd.</p> <p>Sjukefråvær er tema som skal jobbast med i samband med nytt prosjekt i regi av KLP i perioden 2022-2024.</p> <p>Det er etablert eit samarbeid med NAV arbeidslivssenter i dette arbeidet.</p>
	b) Sikra systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.	<p>Samarbeid med HR.</p> <p>Meir systematisk HMS-arbeid, fast sak i styrarmøte og i barnehagane.</p>	<p>Tilsette få kjennskap til kvifor det er viktig for heradet at dei kjenner til at det er arbeidsrelatert sjukefråvær.</p>		<p>2022-2023</p>	<p>Heng saman med punkt ovanfor.</p>

		Tilsette få vite at dei er viktige på arbeidsplassen. Kva kan arbeidsplassen og dei sjølve gjera for å redusera sjukefråværet?	Erfaringsdeling knytt til arbeid med å redusera sjukefråværet på tvers av bhg.			
	c) Etablere planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråværet.	Opplæring «Sjukefråværet» Arrangør: NAV arbeidslivssenter Deltakarar: Styrar, verneombod og tillitsvalt, HVO og HTV. Tiltak for å få ned sjukefråværet i bhg. Systematisk arbeid med førebyggjande arbeid og tiltak.	Få felles kunnskap og styrka samarbeidet.	NAV arbeidslivssenter Leiar for bhg. og styrar	19.01.22	Gjennomført Heng saman med punkt overfor.
	d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og reduisering av sjukefråværet lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.	Følgje årshjul for HMS og evaluera arbeidet gjennom året.		Leiar for bhg. og styrar	2022-2023	Må jobba meir med å implementera årshjulet.
5.	Kompetanse	Laga fagleg kompetanseplan	Det er laga eit forslag til fagleg kompetanseplan for dei neste 4 åra. Den er presentert for styrarane.	Leiar for bhg. og styrar	Haust 2021	Gjennomført
		Laga kompetansepakkar i KS for nyttilsette og vikarar. Tilsette gjennomføra kompetansepakkar i KS, Kvam herad.	Legge til rette for gjennomføring.	Leiar for bhg. og styrar	2022-2023	Leiar for barnehage og styrarane har ikkje laga kompetansepakkar til nyttilsette og vikarar. Kvam herad har laga kompetansepakkar som tilsette skal gjennomføra i arbeidstida. Det har vore

					sett av tid til gjennomføring på personalmøter og planleggingsdagar. Det har ikkje vore nok tid til dette i haust og må vidareførast til neste år.
	Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet. Auka kompetanse til personale på arbeidsplassen. Dossir kompetansestyring.	Til bruk ved tilsetjing. Ved fordeling av arbeidsoppgåver mtp pedagogisk arbeid og interessefelt.	Leiar for bhg. og styrar HR avdelinga	31.07.22 2022-2023	Ikkje gjennomført
	Implementera BTI / COS. Kompetansepakkar KS.	Bruka tid til opplæring, implementering og refleksjonar innanfor ordinær arbeidstid.	Leiar for bhg.	2022-2024	Sjydnahaugen barnehage har vore pilot barnehage for opplæring i BTI (betre tverrfagleg innsats). I løpet av 2022 skal alle barnehagane i Kvam få opplæring i BTI.
	Vidareutdanning.	Tilby og motivera til vidareutdanning.	Leiar for bhg. og styrar	2022-2023	Vert jobba med kontinuerleg. 3 stk barnehagelærarar har søkt vidareutdanning hausten 2022. 1 stk har søkt på styrarutdanning.
	Avklare forventingar til kva som ligg i omgrepet kompetanseheving.	Ta opp på personalmøte.	Styrar	31.12.22	Må vidareførast

6.	Kvalifisert personell Sikrar at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.	Kvalifisert personell. Rutine på utlysing av stilling før bruk av dispensasjon. Bruk av felles vikarlister i webcruiter.	Bruka webcruiter. Bruka tid på opplæring av vikarar. Velgje vikarar med kompetanse.	Styrarane	31.07.22	Webcruiter vert nytta ved tilsetjing av vikarar. Dei som framleis har eigne lister får avvik.
		Tilstrekkeleg med arbeidskraft. Jamleg vurdering og kontroll.	Tema i medråderettsmøte med organisasjonane	Leiar for barnehage Oppvekstsjef	2022-2023	Er tema på møta med organisasjonane.
7.	Risikovurdering sjukefråvær Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehagetilbodet.	Årshjul Rosanalyse Rutinar Setje inn vikar for pedagogisk personale ved fråvær utover 14 dagar.		Styrar	2022-2023	Vert jobba med.
8.	Tilsyn Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette: a) Gjennomføra risikoanalyse b) Utarbeide plan for tilsyn c) Gjennomføra tilsyn	Laga plan for tilsyn		Mynde	31.12.21	Gjennomført
		Gjennomføra risikovurdering - barnehagane gjennomfører eigenvurdering (skjema+ReFlex)		Mynde	Nov-Jan 21/22	Styrarane leverte eigenvurdering januar 2022. Barnehagemynde gav tilbakemelding om resultat 28.04.22. Tilbakemelding til styrargruppa er planlagt 18.05.22. Tilbakemelding til privat barnehage i eige møte.
		Budsjettprosess 2022 - auka adm.ress. på barnehageområdet til mynde oppgaver		Rådmann/ Oppvekstsjef	Des. 2021	100% prosjektstilling som barnehagefagleg rådgjevar vedtatt for 2022. To personar vart tilsett i 50% stilling kvar i mars 2022.
		Laga årshjul for tilsyn - gjennomføra tilsyn		Mynde	Vår 2022	Er under arbeid
9.	Barnehageopptak	Skriftleggjera dagens rutinar. Ansvar og oppgåvefordeling.	Rutine for hovudopptak og løpande opptak.	Leiar for bhg, styrear og	31.12.22	Rutine er laga og lagt i compilo.

	Etablerer rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.	Oversikt over tilrettelegging og særskild kompetanse i dei ulike barnehagane. Arkivering i Compilo.		rådgjevar oppvekst		
--	--	--	--	--------------------	--	--



Saksframlegg

Saksnr: 2022/252-2
Saksbehandlar Roald Breistein
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	20/22	07.06.2022

Kurs i regi av Deloitte hausten 2022

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tilbyr at heradsstyret i Kvam herad får kurskvoten for hausten 2022 ved at Deloitte gjennomfører eit 1-times kurs i «Roller og ansvar i kontrollarbeidet» for heradsstyret i møte 27.09.2022.
2. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering av kurset i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

Samandrag

Denne saka vert lagt fram for kontrollutvalet på bakgrunn av at Kvam herad har avtale med Deloitte AS om å levere 1 kursdag pr. år inkludert i fastprisen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1

Kurstilbod 2022.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvam herad har avtale med Deloitte AS. I kontrakten som er inngått går dette frem av vedlegg B kravspesifikasjon punkt 4.0 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdag pr. år. Slike kurs skal som ein hovudregel haldast i heradet.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vedta gjennomføring av naudsynte kurs innan vedteke budsjetttramme, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Det blir no lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet skal velga i hausthalvåret 2022. Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Kvam herad ligg ved saka.


Hittil har Deloitte gjennomført desse kursa i Kvam herad:

- 2020 Kommuneleva og tilhøyrande forskrifter.
- 2020 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- 2021 Offentlege anskaffingar

I møtet bør kontrollutvalet drøfte seg fram til kva kurs ein ønskjer å få gjennomført i andre halvår 2022. Det normale til no har vore at kurskvoten for slike kurs har blitt fordelt på to halve dagar pr. år, kvar av dei med ein varighet på 2 timar og dei har blitt halde i samband med eit kontrollutvalsmøte. I møte i kontrollutvalet 02.05.2022 kom det fram tankar om det kan vera føremålstenleg at roller og ansvar i kontrollarbeidet bør presenterast for heradsstyret. Dette kan t.d. skje ved at utvalet ber Deloitte lage eit kurs på ca. 1 time som kan haldast i samband med eit heradsstyremøte hausten 2022. Sekretariatet har hatt munnleg kontakt med ordførar om saka og han meinte at dette kunne passe inn i heradsstyremøte 27.09.2022.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre i andre halvår 2022. På bakgrunn av det om går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet tilbyr at Deloitte gjennomfører eit kurs i «Roller og ansvar i kontrollarbeidet» for heradsstyret 27.09.2022. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering av kurset i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.



Kva kurs kan Deloitte tilby til kontrollutvala?

	Tema	Stikkord
1	Innføring i rekneskap	<ul style="list-style-type: none"> – Grunnleggande innføring
2	Offentlege anskaffingar	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er hovudprinsippa i regelverket?
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i kompensasjonsordninga – Praktiske eksempel
4	Justeringsplikt og -rett	<ul style="list-style-type: none"> – MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg
5	Habilitet	<ul style="list-style-type: none"> – Kurset gjev ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis habilitetsvurderingar kan gjerast og korleis det kan etablerast gode rutinar for å sikre at tilsette og folkevalde ikkje handsamar saker der dei er inhabile
6	GDPR og informasjonssikkerheit	<ul style="list-style-type: none"> – Grunnleggande prinsipp og krav
7	Arkivering, journalføring og offentlegheit	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike lovkrav (arkiv- og journalplikt, innsynsrett) – Typiske utfordringar
8	Utvalgte tema knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll? – Korleis gjere ei god bestilling? – Korleis følge opp gjennomført revisjon?
9	Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er kontrollutvalets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er kommunestyrets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er administrasjonens rolle og ansvar i kontrollarbeidet?
10	Roller og rolleforståing i eigarskapsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike selskapsformer – Roller og rolleforståing – Kva roller har eigarrepresentantar, valde styremedlemmer, osv.

	Tema	Stikkord
11	Avstemming av rekneskapen	<ul style="list-style-type: none"> - Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området?
12	Økonomisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Fullmakter - Kontroller
13	Organisatorisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er internkontroll? - Korleis oppnå tilfredsstillande internkontroll?
14	Innberetning av løn	<ul style="list-style-type: none"> - Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige?
15	Investeringsregnskap	<ul style="list-style-type: none"> - Krav til investeringsregnskap - Skille mellom driftsregnskap og investeringsregnskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsregnskapet?
16	Andre regnskapsmessige problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> - Tilpassast etterspurnad og behov
17	Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova
18	Kommunelova (utvalde deler) og tilhøyrande forskrifter	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er dei viktigaste endringane frå tidlegare lov? - Her kan vi sjå nærare på utvalde delar



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/184-3
Saksbehandlar Roald Breistein
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	21/22	07.06.2022

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad som kan vera av interesse for utvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 09.03.2020 vart kontrollutvalet samde om å fordele oppgåvene med å lese gjennom møteprotokollane slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	Anita Sørnes
Formannskapet	Håvard Gjerde og Svanhild A. Botnen
Miljø, plan og bygningsutval	Gjermund Stuve og Michael Iversen

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Møteprotokollane kan lastast ned frå heimesida til heradet på denne lenkja: <https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan/>

Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunne fange opp saker som no eller på eit seinere tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Heradsstyret 24.05.2022
- Formannskapet 11.05.2022
- Miljø, plan og bygningsutval 10.05.2022

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane som kontrollutvalet bør vite meir om, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga over til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/192-6
Saksbehandlar Roald Breistein
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	22/22	07.06.2022

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 09.03.2020 i PS 10/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/195-16
Saksbehandlar : Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	23/22	07.06.2022

Henvending gjeldande tilstanden i skulemiljøet i Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar henvendinga til orientering.
2. Kontrollutvalet tar henvendinga med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå hausten 2022.
3. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva og om ein skal gjera noko med ei henvending frå ein innbyggjar som er motteke gjeldande tilstanden i skulemiljøet i Kvam herad.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vi har motteke ei henvending frå ein innbyggjar i Kvam herad gjeldande tilstanden i skulemiljøet i Kvam herad.

Henvendinga inneheld opplysningar som kan identifisere enkeltpersonar. Dokumenta vert difor ikkje send ut som vedlegg til denne saka, men vert lagt fram i møte. Det vert sett av tid til at kontrollutvalet kan lese gjennom dokumenta i møte.

Innbyggjaren som har send henvendinga fekk slikt førebels svar 13.06.2022:

«Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av kontrollutvalet i Kvam herad motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar (-ar). Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering i møte 07.06.2022.

Sidan henvendinga de inneheld opplysningar som kan identifisere enkeltpersonar må kontrollutvalet vurdere å lukke møte med heimel i kommunelova § 11-5, jf. offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13 under handsaming av saka. Dokumenta du har send vil difor ikkje verta send ut saman med saka til kontrollutvalet, men vert lagt fram i møte for gjennomlesing.

Utan at vi har vurdert henvendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som m.a. gjeld enkeltsaker, klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904> . Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil difor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Du vil etter behandlinga i kontrollutvalet verta orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sidan henvendinga inneheld opplysningar som kan identifisere enkeltpersonar må kontrollutvalet vurdere å lukke møte med heimel i kommunelova § 11-5, jf. offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13 under handsaming av saka.

Rådmannen er invitert inn i møte for å orientere om sitt syn på saka.

Slik sekretariatet ser denne saka er den å rekna som ei enkeltsak, sjølv om den også inneheld element som kan vera nyttige med tanke på eventuell betring av rutinar i heradet. Enkeltsaker skal kontrollutvalet som hovudregel ikkje handsame. Kontrollutvalet skal sjå på system, rutinar og prosedyrar.

Kontrollutvalet bør difor vurdere om denne henvendinga skal takast med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå hausten 2022. I den prosessen skal det gjennomførast ei vurdering av om risikobiletet er vorte endra på dei områda som ligg i noverande plan og om planen på bakgrunn av det må endrast. Her vil henvendinga bli vurdert opp mot andre innspel som er komne inn. Dei områda som vert vurdert med høgast risiko vert i tilfelle teke med i den justerte planen.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar henvendinga til orientering. Vidare vert det tilrådd at utvalet tar henvendinga med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå hausten 2022. Det vert også tilrådd å gjera merksam på at vedtaket en endeleg og kan ikkje påklagast.

Fra: Roald Breistein[]
Sendt: 29.04.2022 12:39:00
Til: Anne-Karin Femanger Pettersen (fkt@fkt.no)[fkt@fkt.no]
Kopi: Hogne Haktorson - Hordaland fylkeskommune (Hogne.Haktorson@vlfk.no)
[Hogne.Haktorson@vlfk.no];
Tittel: Høyrings-saver - Vegleiar handtering av henvendingar til kontrollutvalet

Vedlagt følgjer høyrings-svar for vegleiar handtering av henvendingar til kontrollutvalet.

Med helsing

Roald Breistein
seniorrådgjevar

sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 97 50 51 52
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Forum for kontroll og tilsyn
Postboks 41 Sentrum
0101 OSLO

Dato	28.04.2022
Vår referanse	2022/381-11
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Roald Breistein
E-post	Roald.Breistein@vlfk.no
Telefon	97505152

Høyrings-saver - Vegleiar handtering av henvendingar til kontrollutvalet

Vi viser til FKT sitt forslag til «Vegleiar for handtering av henvendingar til kontrollutvalet» med frist for å gje høyrings-svar innan 09.05.2022.

Vi meiner forslag til denne vegleiareren er særst god. Den gjev på ein enkel og god måte hjelp til sekretariata og kontrollutvala når dei skal vurdere korleis ei innkommen henvending bør handterast.

Vi har likevel nokre innspel som vi meiner kan bidra til at vegleiareren vert enno betre:

1. På anbefaling 1 meiner vi at ordet «bør» må skiftast ut med ordet «skal». Vidare kan siste del av setninga «for journalføring» skiftast med «for vurdering av om det bør journalførast». Grunngevinga her er at det er sekretariatet som har kompetansen til å vurdere om ei skriftleg henvending er arkiverdig og skal journalførast.
2. På anbefaling 2 bør ordet «bør» skiftast ut med «skal». Slik vi ser det er det ein god regel å skriftleg gjere munnlege henvendingar.
3. På anbefaling 3 bør ordet «bør» skiftast ut med «skal». Slik vi ser det er det ein god regel, og vanleg høflegheit, å sende skriftleg svar på alle henvendingar sjølv om kontrollutvalet ikkje er pliktig til å handsame det henvendinga tek opp. Vi har med utgangspunkt i døme i punkt 3.4 gjort nokre endringar i teksten, vedlegg 1.
4. Når det gjelder anbefaling 8 meiner vi det er føremålstenleg å synleggjera kontrollutvalet sin rolle og mandat på generelt grunnlag. Vi er meir skeptisk til om ein samstundes skal oppfordre innbyggjarar til å komme med henvendingar til kontrollutvalet. I tilfelle ein skal gjera det må det presiserast at kontrollutvalet ikkje er pliktig til å handsame henvendingar, jf. formuleringane i vedlegg 1. Punkt 7.2 Kommunikasjonsstrategi. Dette kan vera føremålstenleg å utarbeide i ein stor kommune der ein har fleire forvaltningsevisjonar og andre kontrollar i løpet av eit år. I dei fleste mindre kommunar meiner vi det vil vera tilstrekkeleg å legge ut ein passende tekst om kontrollutvalet sin rolle og mandat på heimesida til kommunen.
5. Punkt 6.2 Høring. Vår erfaring er at høring ikkje er godt eigna til kontrollarbeid i kontrollutvalet. Det krev mykje førebuing og mykje etterarbeid. Det viser seg også at kontrollutvalet får lite igjen i forhold til innsatsen som må leggjast ned. Vi foreslår difor at punktet vert stroke og at kontrollutvalet vel andre kontrollmetodar frå verktøykassa.

6. Veldig gode vedlegg.

Konklusjon:

Vi meiner forslag til vegleiar for handtering av henvendingar til kontrollutvalet er særers god, men forslår likevel at våre innspel over vert teke med i den endelege vurderinga.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Standardtekst ved svar på henvendingar

Standardtekst ved svar på henvendingar

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar). Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering.

Utan at vi har vurdert henvendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904> . Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil difor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Du vil etter behandlinga i kontrollutvalet verta orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 06.05.2022 12:00:48
Til: Roald Breistein[Roald.Breistein@vlfk.no]
Tittel: Nytt fra FKT



Høring veileder - Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget



Forum for kontroll og tilsyn har invitert medlemmer til å komme med høringssvar til forslag til veileder for håndtering av henvendelser til kontrollutvalget.

Vi minner om at høringsfristen er 9. mai

Høringsutkastet

FKTs høringssvar til NKRFs forslag til veileder for kontrollutvalgets påseansvar

Forum for kontroll og tilsyn har avgitt høringssvar til NKRFs forslag til veileder for kontrollutvalgets påseansvar.

Høringsvaret



Kontrollutvalgsdagen, Skei 29. september 2022

FKT og NKRF inviterer til fagsamling for kontrollutval den 29. september 2022.

[Hotell Thon Hotel Jølster](#)

Påmelding

Varsling til offentlige myndigheter



Arbeidsmiljølovens bestemmelser om eksternt varsling – kontrollutvalgets stilling

Kommunal- og distriktsdepartementets vurdering er at et varsel til kontrollutvalget ikke kan anses som eksternt varsel til en annen offentlig myndighet etter arbeidsmiljøloven.

Klikk på bildet for å få opp mer informasjon om varsling til offentlige myndigheter.


[Brev fra KDD](#)



Økokrims trusselvurdering 2022

“Det er sannsynlig at korrupsjonsrisikoen i kommunal sektor er størst i forbindelse med anbudsrunder. Etterforskning indikerer at korrupsjon kan pågå uoppdaget i flere år.”

Klikk på bildet for å få opp rapporten.





Copyright © 2022 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)

